



Notat - møtereferat

Stad: Rådhuset i Meland
Dato: 15.09.2017 kl 12:30 – 14:00
Til stades: Frank Rune Dale, Nestleiar Kyrkjeutvalet
Bent Gunnar Næss, Leiar Kyrkjeutvalet/ Representant Soknerådet
Anne-Sofie Nergård Uthaug, Kyrkjeverje
Martin W. Kulild, Rådmann
Eirik Bouwer Utne, Kultursjef
Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk

Saksbehandlar: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Anny Bastesen
Vår referanse: 17/921 - 7 / FA - D13, FA - D12
Dato: 15.09.2017

Emne: Referat frå 1. møte i plankomitéen

Kyrkje/kulturhus på Frekhaug

Kommunestyret sette ned plankomitéen i møte 14.06.2017, med 3 medlemmer oppnemnd av soknerådet og 3 medlemmer frå kommuneadministrasjonen. Tema for første møte er gjennomgang av status og vidare arbeid opp mot budsjett og økonomiplan.

Grunnlag:

- Innstilling frå arbeidsgruppa for kyrkje- og kulturhus pr 06.04.2017, avsluttande rapport
- Kostnadsoverslag utarbeidd av asplan viak for rådmannen, revisjon 1 datert 05.09.2017

Rådmannen presenterte kort utfordringane med kostnadsbiletet i høve til kommunestyret si bestilling og framlegg til budsjett, og utfordringane i høve til forhandlingane om tomtegrunn. Rådmannen har bestilt kvalitetssikring av kostnadsbiletet, denne vil også ta med seg verknader for kommunen sitt driftsbudsjett.

Kyrkja sine representantar gjekk kort gjennom kva for behov kyrkja har til romprogram og areal, med Ytrebygda kyrkje som eksempel.

Kostnadsoverslaget skal oppdaterast slik at arealbehova stemmer (skilje brutto/netto areal). Kyrkja kjem med tilbakemelding for sin del på faktiske arealbehov i høve til romprogrammet som arbeidsgruppa har tatt inn i sin rapport, for evt. korrigerings av kostnadsoverslaget. Dette kan gjerast relativt raskt.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kyrkja sine representantar drøfter elles stoda med soknerådet og kjem tilbake med tilråding for vegen vidare i veke 40.

Rådmannen drøfter stoda med formannskapet i veke 38.

Målet er å få på plass realistiske budsjett og ditto framdrift til budsjett- og økonomiplanbehandlinga i kommunestyret desember 2017, koordinert med pågåande planarbeid.

Dokumenta er å rekna for interne arbeidsdokument og er ikkje offentlege før dei er ferdigstilte.

Plan, utbygging og kommunalteknikk 15.09.2017

Anny Bastesen
ref

Referatet sendt møtedeltakarane